

Smittevern i barnehagar og skular

Innhaldsoversikt

1 Informasjonsplikt til kommuneoverlegen for styrarar og rektorar

1.1 Smittsame sjukdommar

1.2 Alvorlege hendingar

1.3 Vanlege/hendelege tilfelle – ikkje informasjonsplikt

1.4 Ikkje-akutte tilhøve som ikkje vert retta opp innan rimeleg tid

1.5 Tilhøve rundt barnehagen/skulen som kan ha negativ innverknad på barna/elevane si helse

1.6 Korleis melde frå

1.7 Kven gjeld informasjonsplikta for

1.8 Kvifor informasjonsplikt

2 Vaksinasjon av tilsette i barnehage og skule

2.1 Tuberkulose

2.2 Hepatitt B

2.3 Vasskoppar

2.4 Kikhoste, difteri, stivkrampe og polio

2.5 Influensavaksine

3 Smittevern barn i barnehage og grunnskule – for føresette og FAU

1 Informasjonsplikt til kommuneoverlegen for styrarar og rektorar

Alle barn og elevar skal vere trygge i barnehagar og skular. Styrar/rektor må på eige initiativ gje melding til kommuneoverlegen dersom det er tilhøve som kan ha negativ verknad på barna/elevane si helse.

Det er fire kategoriar for når styrar/rektor plikter å gje melding til kommuneoverlegen:

1. Når det er alvorlege eller langvarige utbrot av smittsame sjukdommar.
2. Når det har skjedd alvorlege skader, hendingar eller nesten-ulykker med barn/elevar.
3. Når ikkje-akutte tilhøve som kan påverke barna/elevane si helse negativt ikkje blir retta opp innan rimeleg tid.
4. Når det er tilhøve rundt barnehagen/skulen som kan ha negativ innverknad på barna/elevane si helse.

1.1 Smittsame sjukdommar

- Dersom barn/elev eller tilsett får ein alvorleg infeksjonssjukdom. Dette kan til dømes vere smittsam hjernehinnebetennelse eller blødingsdiaré.
- Dersom barn/elev eller tilsett får ein infeksjonssjukdom som kan råke sårbare personar i eller rundt barnehagen/skulen (til dømes uvaksinerte barn, familiemedlemmar med nedsett immunforsvar). Døme er kikkhoste, meslingar og raude hundar.
- Dersom barnehagen/skulen får eit større utbrot og ikkje klarer å avgrense det ved eigne tiltak. Dette kan til dømes være omgangssjuke, andre mageinfeksjonar, augebetennelse eller parasittar.

1.2 Alvorlege hendingar

- Ulykker eller hendingar som førte til alvorleg eller varig skade på barn/elev. Døme er komplisert/uvanleg brot, hovud- eller kvelingsskade som førte til tap av medviten, kutt-/brann-/bittskade som trong legetilsyn.
- Nesten-ulykke eller hending som kunne ha ført til varig skade. Døme er nesten-drukning, leik på utrygt islagt vatn, at barn har lekt med kjemikalie, nesten-trafikkulykke.
- Når barn har blitt utsett for ei traumatisk hending. Døme er alvorleg mobbeepisode.

1.3 Vanlege/hendelege tilfelle – ikkje informasjonsplikt

Plikten til å varsle har to føremål:

1. Kommuneoverlegen skal kunne undersøke at det ikkje er risiko for tryggleiken til andre barn/elevar.
2. Kommuneoverlegen skal kunne overføre erfaringar etter spesielle hendingar til andre barnehagar og skuler.

Det er derfor ikkje varslingsplikt for vanlege/hendelege tilfelle, til dømes armbrot etter fall på flatmark eller beinbrot etter hopp frå låg høgde. Vi ønskjer likevel låg terskel for å melde frå, så kommuneoverlegen kan vurdere om saka skal følgjast opp.

1.4 Ikkje-akutte tilhøve som ikkje vert retta opp innan rimeleg tid

Døme på når kommunelegen skal varslast:

- Fuktskadar som ikkje vert retta raskt nok, eller det er tvil om fuktskadar er utbetra godt nok.
- Dårleg inneklima (til dømes dårleg luftskifte, tung luft, lukt, høg/låg temperatur).
- Behov for vedlikehald som utgjør tryggleiksrisiko.
- Behov for vedlikehald som gjer at det ikkje er mogleg å halde reint.
- Vedvarande dårleg reinhald.
- Utfordringar i barna/elevane sitt psykososiale miljø.
- Oppussingsarbeid i barnehagen/skulen som gir støy, støv eller tryggleiksrisiko.
- Trengsel, at ikkje alle barn/elevar har tilgang på stort nok areal. Gjeld både inne og ute.

1.5 Tilhøve rundt barnehagen/skulen som kan ha negativ innverknad på barna/elevane si helse

Døme på når kommunelegen skal varslast:

- Byggeprosjekt nær barnehagen/skolen som gir støy, støv eller tryggleiksrisiko.
- Dårlege tilkomstveggar, parkeringsplassar, køyremønster eller belysning som gjev auka risiko for at barna/elevane vert påkøyrd.
- Andre farar for ulykker nær barnehagen/skolen, til dømes rasfare, trær som kan velte, industriområde som ikkje er tilstrekkeleg sikra.
- Forureining av lufta nær barnehagen/skulen.

1.6 Korleis melde frå

Meld frå til kommuneoverlege Inger Uglenes på e-post: smittevern@austevoll.kommune.no eller telefonnummer 55 08 10 67/ 97 98 75 00 dersom det er noko som hastar. Send samtidig kopi av e-post til Miljøretta helsevern i Bergen kommune, som gjer sakshandsaming på vegne av kommuneoverlegen, til: mhv@bergen.kommune.no. Dersom det hastar kan du nå Miljøretta helsevern på telefonnummer 55 56 52 00 (sentralbord, de vil verte sett over til ein ledig sakshandsamar). Ikkje send opplysningar underlagde teieplikt per e-post.

Dersom de har spørsmål om eit tilhøve fell inn under informasjonsplikta, kan de ta kontakt med Miljøretta helsevern.

1.7 Kven gjeld informasjonsplikta for

Plikten til å gje melding gjeld for barnehagar, dagmammaverksemder, grunnskular, vidaregåande skular, og vaksenopplæring som tilbyr vidaregåande utdanning. Alle med plikt til å gje melding til kommuneoverlegen må ha dette skrive ned i sine rutinar.

1.8 Kvifor informasjonsplikt

Du har plikt til å gje informasjon til kommunelegen, jf. forskr om miljørettet helsevern i skoler mv § 5.

Les meir i Helsedirektoratet sine rettleiarar til forskrifta:

- [Miljø og helse i barnehagen \(side 11\)](#)
- [Miljø og helse i skolen \(side 11\)](#)

2 Vaksinasjon av tilsette i barnehage og skule

Leiar av verksemd pliktar å gjere ein vurdering av smitterisiko knytt til sine tilsette, og treffe tiltak som er naudsynt for å unngå dette. Dette gjeld både å førebygge smitterisiko som den einskilde tilsette kan bli utsett for i jobben sin, og å førebyggja at tilsette med sjukdom smittar andre og særleg sårbare grupper. For meir informasjon om dette, sjå kapittelet om yrkesvaksinasjon.

Sjå: [FHI sin Vaksinerettleiar – yrkesvaksinasjon](#) (Barnehagetilsette høyrar med i kategorien «barneomsorg» i vaksinerettleiaren om yrkesvaksinasjon).

Det har vore meslingutbrot i mange europeiske land. Tal frå ECDC synar at det siste året er registrert 22 dødsfall forårsaka av meslingar i Europa og over 4000 laboratoriebekrefta tilfelle, sannsynleg er talet smitta mange gongar dette.

Sjå: [European Centre for Disease Prevention and Control - Measles](#)

Land som no er særleg råka av meslingar er:

- Belgia
- Bosnia-Hercegovina
- Frankrike
- Georgia
- Tyskland
- Italia
- Romania
- Russland
- Serbia
- Ukraina

Låg vaksinasjonsdekning er hovudårsaka til at desse landa er særleg ramma.

Kommuneoverlegen ønsker at barnehagepersonell har fokus på sitt ansvar for å hindra smitte av meslingar. Dette fordi born i Noreg får MMR-vaksine (mot meslingar, raude hundar og kusma) når dei er 15 månader gamal, mens dei gjerne har byrja i barnehagen lenge før dette. Det er altså ein stor del av borna i barnehagen som ennå ikkje har fått vaksine mot meslingar. Meslingar er særdeles smittsame og smittar før ein har synleg teikn på sjukdom. Så det er nesten ikkje til å unngå at ein smittar andre om ein sjølv vert smitta. Mange reiser på ferie eller reiser til heimlandet sitt, og kan ta med smitta tilbake til barnehagen.

Kommuneoverlegen vil derfor be barnehagestyraren om å ta opp med alle tilsette kor viktig det er at dei er vaksinert mot meslingar. Særleg at dei som er frå utlandet (inkludert Aust-Europa) og dei som er fødd mellom 1960 og 1970 må ei vere obs på.

Personar fødd før 1960 har heilt sikkert hatt meslingar då dei var små og treng ikkje vaksine. Personar fødd etter 1970 i Noreg er som regel vaksinerte, det kan dei sjekke på: <https://helsenorge.no/vaksiner/mine-vaksiner>. Dei som likevel ikkje er vaksinert eller som er usikre på om dei er vaksinert bør ta ein ny dose med vaksine. Det er ikkje farleg å ta ein ekstra dose med MMR-vaksine for dei har tatt vaksine før eller har hatt meslingar. Det er nok

å ta ein dose.

Austevoll legesenter vil tilby gratis vaksinerings til barnehagepersonell som treng MMR-vaksine.

Tilsette kan ringe time til dette hos vaksinesjukepleiarar på telefon: 55 08 10 50, eller ved å kontakte Austevoll legesenter via e-kontakt: <https://helsenorge.no/kontakt-fastlegen>.

Dersom du har (generelle) spørsmål om dette er du hjarteleg velkommen å sende e-post til: smittvern@auustevoll.kommune.no (ikkje opplysningar med teieplikt).

Utover meslingvaksina så vil kommuneoverlegen tilrå at barnehagestyrar har fokus på desse sjukdommane når det gjeld smitte og vaksine:

- Tuberkulose
- Hepatitt B
- Vasskoppar
- Kikhoste, difteri, stivkrampe og polio

2.1 Tuberkulose

Barnehagetilsette som har oppheldt seg 3 månadar eller meir i land med høg førekomst av tuberkulose skal ta ny undersøking for tuberkulose før dei får jobbe. Ver obs på at dette gjeld dei fleste aust-europeiske landa, og land i Afrika og Asia. Dersom du har tilsette som reiser til heimlandet sitt i lengre periodar krev at dei tar ny tuberkuloseundersøking (heimla i smittevernlova).

Sjå: [FHI sin tuberkuloserettleiar – grupper med plikt til tuberkuloseundersøking](#)

2.2 Hepatitt B

Dersom tilsette i barnehagen skal utføre prosedyrar som kan medføre blodsøk (sticking for diabetessprøye m.m.) av born som er kjent hepatitt B positiv, har arbeidsgjevar plikt til å vurdere smitteverntiltak inkludert vaksinerings (heimla i arbeidsmiljølova).

2.3 Vasskoppar

Tilsette som ikkje har hatt vasskoppar som barn kan bli alvorleg sjuke om dei vert smitta som vaksne. Dersom ein tilsett er usikker på om dei har hatt vasskoppar bør han/ho oppsøkje fastlegen for å få målt antistoffnivå. Viss den er låg bør arbeidsgjevar vurdere å dekke kostnad til vaksine, ut frå ei risikovurdering (heimla i arbeidsmiljølova).

2.4 Kikhoste, difteri, stivkrampe og polio

Alle vaksne er tilrådd å ta vaksine mot kikhoste, difteri, stivkrampe og polio kvart tiande år, dette er særleg viktig for barnehagepersonell. Arbeidsgjevar har ikkje plikt til å betale for dette.

2.5 Influensavaksine

Arbeidsgjevar kan vurderer om han skal tilby dei tilsette vaksine mot influensa, for å unngå stort sjukefråvær som kan true drifta i influensasesongen. Vaksine må kjøpast inn frå apotek, dei høyrer ikkje med til dei som skal ha dei kommunale vaksine.

Elles så er det alltid på sin plass å minna om kor viktig det er med god handhygiene.

Har de smittevernspørsmål? Ta gjerne kontakt på smittevern@austevoll.kommune.no

3 Smittevern barn i barnehage og grunnskule – for føresette og FAU

Føresette som har barn i barnehagar og skular skal kontakte fastlegen sin ved spørsmål om sjukdom hos barnet sitt.

Sjå: [Når må barn være hjemme fra barnehagen? - FHI](#)

Sjå: [Slik førebygger du omgangssjuka som kjem av norovirus - FHI](#)

FAU som har generelle spørsmål om smittevern i barnehagen/skulen eller som ynskjer å fremje klage, kan sende e-post til: smittevern@austevoll.kommune.no (obs generelle spørsmål, ingen personidentifiserbare helseopplysningar).